
Fra: Geir Rydland <Geir.Rydland@hfk.no>
Sendt: 11. mai 2015 10:56
Til: Monika Soltveit Gabrielli
Emne: SV: Leige av hallen 2015/2016

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

OK

Og då kan du kanskje også notera eit førebels ynskje om måndag og fredag i ungd.skulen sin siste time. Me har timeplanen vår klar i løpet av eit par veker, trur eg. Kjem tilbake med meir nøyaktige ynskje då, om det er OK.

Venleg helsing

Geir Rydland
rektor

www.manger.fhs.no

Manger folkehøgskule
Mangersnesvegen 1
5936 MANGER

56 34 80 80

41 45 87 67

geir.rydland@hfk.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Monika Soltveit Gabrielli [<mailto:monika.gabrielli@radoy.kommune.no>]

Sendt: 11. mai 2015 10:46

Til: Geir Rydland

Kopi: Lin Tove Thomassen

Emne: SV: Leige av hallen 2015/2016

Hei

Ja, då er de nok inne i siste time for ungdomsskulen som varar fram til 14.20. Eg ser at i dag er idrettshallen i bruk tysdag, onsdag og torsdag siste time (altså fram til kl. 14.20). Måndag og fredag er altså ledig kl. 14.00 dersom dei legg opp til same timeplan som før. Eg vil derimot tru at dei er ferdig inne i hallen til kl. 14.10, men at det kanskje vert ein garderobekrasj? Det er Yvonne Jordal som er kontaktperson for Ungdomsskulen, og du kan gjerne ringa og avtala med ho: tlf. 56349101.

Eg har notert at de ønskjer same tider som før, og høyrer frå deg om det vert endringar.

Beste helsing
Monika Soltveit Gabrielli
Radøy kommune, kultur- og sørvistorget
Tlf 56 34 90 00
monika.gabrielli@radoy.kommune.no

Velkommen til Radøy

Kultur- og sørvistorget: Opningstider man-fre mellom kl 8.30- 15.00.
Informasjon, dagleg drift av arkivet for rådhuset, skular og barnehagar, postføring, kultur, heimesider, turistkontor, tenester for innbyggjarar og besøkande.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Geir Rydland [<mailto:Geir.Rydland@hfk.no>]
Sendt: 11. mai 2015 10:33
Til: Monika Soltveit Gabrielli; Postmottak Radøy
Kopi: Lin Tove Thomassen
Emne: SV: Leige av hallen 2015/2016

Hei

Me kjem til å justera timeplanen vår litt til neste skuleår, så det er førebels litt usikkert kva for tider som er mest aktuelle for oss.

I utgangspunktet ynskjer me nok likevel å halda på noverande ordning. Ei utfordring i samband med dette er at den siste økta vår truleg startar 14:00 neste skuleår, noko som betyr at me helst vil ha oppstart i hallen mellom 14:00 og 14:10. Då er me vel inne i ungdomsskuletida (?)

Venleg helsing

Geir Rydland
rektor

www.manger.fhs.no

Manger folkehøgskule
Mangersnesvegen 1
5936 MANGER

56 34 80 80

41 45 87 67

geir.rydland@hfk.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Monika Soltveit Gabrielli [<mailto:monika.gabrielli@radoy.kommune.no>]

Sendt: 6. mai 2015 08:33

Til: Geir Rydland

Kopi: Lin Tove Thomassen

Emne: Leige av hallen 2015/2016

Hei

Kultur og sørvistorget og Idrettsrådet kjem til å setja opp halltid for Radøyhallen på eit møte i mai/juni. Me ber difor om ønskjer for neste år. Det er litt meir press på tidene rett etter skuletid no enn me trudde i fjor, for Floen ønskjer seg inn igjen på sin onsdagtime. Denne timen var ikkje me som kjent ikkje klar over når me tildelte denne til Folkehøgskulen. Me kjem mest truleg til å gje Floen tilbake onsdagstimen, då dei ikkje har sjanse til å flytta til ein anna tid/ein annan dag. Dei andre dagane skal gå greitt rett etter ungdomsskuletid.

Sjekk gjerne vår hallkalendar:

<https://www.google.com/calendar/embed?src=ia45kk8e23vv39q6m9r4ir9ddg%40group.calendar.google.com&ctz=Europe/Oslo>

Ønskjer kan sendast postmottak@radoy.kommune.no

Ta gjerne med andre kommentarar vedr. Radøyhallen i dykkar søknad.

Beste helsing

Monika Soltveit Gabrielli

Konsulent, kultur- og sørvistorget

Radøy kommune, Radøyvegen1690, 5936 Manger monika.soltveit.gabrielli@radoy.kommune.no